



Nissedal kommune
Interkommunalt landbrukskontor

Landbruks- og matdepartementet

Melding om vedtak

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2015/66-12	Peter Rieber-Mohn, 35068122 Peter.Rieber-Mohn@kviteseid.kommune.no	V00	16.04.2015

N - Særutskrift: Høringsuttale: NOU 2014: 15 - Norsk pelsdyrhald - berekraftig utvikling eller styrt avvikling?

Her følgjer særutskrift av formannskapet si sak nr.40/15.

Med helsing

Peter Rieber-Mohn
Peter Rieber-Mohn
Landbruksrådgjevar



Nissedal kommune

Arkiv: V00
 Saksmappe: 2015/66-11
 Sakshandsamar: Peter Rieber-Mohn
 Dato: 07.04.2015

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	40/15	16.04.2015

N - Høring: NOU 2014: 15 - Norsk pelsdyrhald - berekraftig utvikling eller styrt avvikling?

Vedlegg:

- 1 Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Telemark - kommuneside for Nissedal.
- 2 Høringsbrev og høringsinstansar.
- 3 NOU 2014 15 - Del 1 - Mandat, utval og samandrag.
- 4 Oppmoding og opprop frå pelsdyrnæringa.

Fakta i saka:

Pelsdyroppdrett har lang tradisjon og er ei viktig landbruksnæring i Nissedal kommune.

På oppdrag frå Fylkesmannen i Telemark har Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning og Østlandsforskning gjennomført prosjektet: «Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert virksomhet i Telemark». Vedlagte kommuneside for Nissedal er eit resultat av dette prosjektet og statistikk frå SSB. Den fortel at pelsdyrnæringa stod for nær 74% (7,2 mill kr) av den samla verdiskapinga i jordbruket i kommunen i 2011. Det reelle talet er 84% (14 mill kr) fordi halvparten av dyra i kommunen hører til ein oppdrettar i Rogaland og er ikkje med i statistikk for Nissedal kommune.

I 2015 har vi 13 000 avlstisper av mink i kommunen. Vi har ikkje reveoppdrett. Det har skjedd generasjonsskifte i ein stor del av farmane. Vi har derfor ein stor del unge oppdrettarar. Dei har rusta opp farmane dels med investeringsstøtte frå Innovasjon Norge mellom anna for å oppfylle krav til storleik på bura og velferda til dyra.

I oktober 2013 oppnemnde regjeringa eit offentleg utval for å vurdere pelsdyrnæringa. Føremålet var å medverke til å gi føreseielege, rammevilkår for næringa. Utvalet leverte innstillinga si i desember 2014, NOU 2014: 15. To hovudalternativ er drøfta og utgreidd: Berekraftig utvikling eller styrt avvikling. Eit fleirtal, fem av ni medlemmer i utvalet, går inn for berekraftig utvikling av næringa. Ein medlem tek ikkje stilling. Tre medlemmer går inn for styrt avvikling.

Landbruks- og matdepartementet har sendt NOU 2014: 15 på høring med høringsfrist 27.04.2015. Fylkesmennene og KS er blant høringsinstansane, kommunane er ikkje. LMD oppmodar høringsinstansane om å vurdere å sende saka til underliggande organ.

Vi har oppmoda Fylkesmannen i Telemark om å gi høringssvar og støtte pelsdyrnæringa. I svar er vi informert om at fylkesmennene i Telemark og Agder er einige om å sende ei felles uttale. Dei ønskjer framtidig pelsdyrproduksjon dersom velferda til dyra kan bli betre ivaretatt og sikra. Sidan pelsdyrnæringa er viktig for Nissedal kommune ønskjer vi ei politisk vurdering og uttale frå kommunen. Vi har blitt oppmoda om å gjere dette frå oppdrettarar i kommunen.

Vurdering:

Utvalsrapporten slår fast at den norske pelsdyrnæringa er ei lønsam og internasjonalt konkurransedyktig næring under gjeldande rammevilkår. Dette er ei viktig næring i Nissedal kommune. I opprop frå pelsdyrnæringa blir det hevda at det bildet som er skapt i media, ikkje er riktig. Debatten har eit for negativt fokus. Vi har eit strengt regelverk som skal sikre velferda til dyra, og det blir følgt opp. Dette stemmer med det inntrykket vi har av næringa i Nissedal. Fagmiljøet er oversiktleg og godt, og våre pelsdyroppdrettarar er flinke og interesserte husdyrbrukarar. Vi håpar at næringa kan halde fram og utviklast vidare, og vi meiner at det er forsvarleg. Vi støttar oppropet frå pelsdyrnæringa. Dersom næringa likevel blir avvikla må oppdrettarane få kompensasjon for investeringar dei ikkje får nytte av og til omstilling.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune støttar oppropet frå pelsdyrnæringa og berekraftig utvikling. Dersom næringa likevel blir forboden og avvikla må næringsutøvarane få tilfredsstillande kompensasjon.

Saksprotokoll i Formannskapet - 16.04.2015

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune støttar oppropet frå pelsdyrnæringa og berekraftig utvikling. Dersom næringa likevel blir forboden og avvikla må næringsutøvarane få tilfredsstillande kompensasjon.

0830 Nissedal



Statistikk (SSB), 2011:

Antall innbyggere	1 430
Totalt areal, km ²	905
Jordbruksareal i drift, km ²	3,6
Produktivt skogareal, km ²	319,9
Avvirkning, m ³	24 640
Antall landbrukseiendommer	268
Antall jordbruksbedrifter	29
Andel sysselsatte	72 %
Sysselsatte i primærnæring	8 %
Sysselsatte i offentlig forvaltning	6 %

Nissedal er den eneste kommunen i Telemark der det i 2011 var registrert pelsdyrhold. I tillegg til pelsdyr er det noe sauehold og kjøttproduksjon i kommunen. Skogbruket er viktig. I tillegg er det en del skogbruksbasert industri i kommunen.

Beregninger, 2011, verdiskaping som bruttoprodukt

Bruttoprodukt jordbruk, mill. kr	9,7
Bruttoprodukt skogbruk, mill. kr	14,7
Bruttoprodukt tilleggsnæring, mill. kr	2,1
Bruttoprodukt landbruksbasert industri, mill. kr	14,3
Totalt bruttoprodukt kommune, mill. kr	525
Verdiskaping landbr. og landbr.basert industri, % av verdiskaping kommune	8 %
Årsverk jordbruk	23
Antall sysselsatte skogbruksnæringa (SSB)	22
Årsverk tilleggsnæring	4
Antall sysselsatte i landbruksbasert industri (SSB)	33

